

– Vi blir lytta til

Utan EØS kan det godt hende vi hadde vore EU-medlemer i dag, seier Einar Steensnæs.

PER ANDERS TODAL
peranders@dagogtid.no

I 1992 var det Kristeleg Folkeparti som sikra det naudsynte fleirtallet i Stortinget for EØS-avtalen. KrF var òg det einaste partiet som var mot norsk EU-medlemskap, men for EØS. Einar Steensnæs, tidlegare sentral KrF-politikar, forsvarar framleis det standpunktet.

– Eg meiner at avtalen alt i alt har fungert bra. EØS gav oss ei naudsynt tilknytning til den indre marknaden i EU og sikra norske handels- og industriinteresser. Så er det område der vi kunne sett for oss større nasjonal kontroll. Men for å få tilgang til den indre marknaden måtte vi godta at vi ikkje kunne følgje våre eigne prioriteringar fullt ut, seier Steensnæs.

– Eg meiner EØS-avtalen medverka til at eit fleirtal sa nei til EU-medlemskap i 1994. Utan EØS kan det godt hende vi hadde vore EU-medlemer i dag.

– Ifølgje leiaren til Europa-utgreiinga har EØS gjort oss til trekvart medlem i EU uansett?

– Eg trur nok han har eit poeng. Det kan vere ein illustrasjon på kor langt vi har blitt trekt inn i EU-samarbeidet. Men suvereniteten over den siste fjerdedelen er viktig, til dømes for fiskeri, jordbruk og distriktpolitikken.

– Eg skjønner dei som seier ja til EU-medlemskap og dei som seier nei til EU-medlemskap. Men eg har aldri heilt skjönt dykk som var mot medlemskap, men for EØS?

– Dette er først og fremst realpolitikk. Men det er òg viktige prinsipielle skilnader på EØS og EU-medlemskap. EØS-avtalen handla først og fremst om økonomi og næringsinteresser, medan medlemskap har ein stor politisk dimensjon som KrF var motstandar av. Eg meiner vi gjorde eit balansert val, seier Steensnæs.

– Eg er skeptisk til dei som vil at vi skal ha ei tilknytning som den Sveits har til EU, med mange bilaterale avtalar. Det er ikkje godt nok for Noreg. Da vil vi misse ein del sjansar vi i dag har til å påverke avgjerdene i EU. Vi blir lytta til og er med på rådslaginga.

– Har du konkrete døme på at Noreg har fått gjennomslag i viktige saker overfor EU på det viset?

– Ikkje på ståande fot, nei, seier Einar Steensnæs.



entasjonen sist tysdag. Bak han er Skauges klassiske teikning frå Klassekampen, som syner Gro Harlem Brundtlands måte å kome forbi det norske neiet til EU-medlemskap. Foto: Scanpix

– Noreg er i ein sterk forhandlingsposisjon overfor EU for tida. Den norske økonomien er svært sterk, medan mange EU-land er nær konkurs.

Professor Christophe Hillion

er avhengig av viljen til mottakarlandet for å fungere. Det blir ikkje gjort med vald.

EIGENINTERESSE

– Kva er drivkreftene bak denne projiseringa av normer og verdier over på nabolanda til EU?

– For EU-systemet er dette ein måte å sikre framtida til normene på. Di fleire statar som adopterer det juridiske rammeverket, di tryggare grunn vil normene stå på. Om du har naboar som ikkje følgjer stan-

dardane til EU til dømes når det gjeld arbeidsliv eller miljø, vil det skiple konkurransen. Investorane vil føretrekkje å gå dit krava er lågast. Difor er det i EUs interesse å overtide nabos sine til å følgje same normer og standardar. Det er ikkje rein idealisme, seier Hillion.

– Det ligg heller ikkje nokon skummel dagsorden laga i hemelege rom bak denne projiseringa. Men det ligg i kulturen til institusjonane og teknokratane der å verne om det rammever-

ket som systemet kviler på.

– For Noreg er EØS eit stort demokratisk problem. Dei folkevalde i Noreg har nesten ingenting dei skulle ha sagt i utforminga av dei tusenvis av lover og reglar vi importerer.

– Ja, det er ein grunnleggjande kritikk som kan rettast mot EØS-konstruksjonen. Også i EU blir det iblant stilt spørsmål ved den demokratiske legitimiteten til unionen. Og sidan Noreg ikkje eingong tek del i utforminga av lovene, er det definitivt eit demokratisk problem. Igjen kan ein seie at denne avtalen vart inngått friviljug og på demokratisk vis av Noreg. Men dersom omfanget av EØS-avtalen skulle utvidast enda mykje meir, kan ein spørje seg om den opphavlege ratifiseringa av avtalen er tilstrekkeleg. Da ville demokratispørsmålet bli enda meir akutt.

EIN STERK POSISJON

– Mange i Noreg har samanlikna EØS med avtalane Sveits har

med EU. Sveitsarane har fått ein liknande marknadstilgang som Noreg utan å ofre like mykje suverenitet?

– Eg er ingen spesialist på den sveitsiske modellen. Men eg veit at den er eit ekstremt komplisert system som dessutan har alle slags smothol. Det vil ikkje bli lett å overtide EU om å byte ut EØS med noko slikt for Noregs del, seier Hillion.

– Samtidig skal det seiast at Noreg er i ein sterk forhandlingsposisjon overfor EU for tida. Den norske økonomien er svært sterk, medan mange EU-land er nær konkurs.

– Så om Noreg skulle rehandle EØS-avtalen, ville dette vere ei god tid å gjere det på?

– De kunne jo ta til orde for justeringar. Men ei full rehandling av EØS-avtalen ville føre til alle moglege juridiske komplikasjonar. Det er ikkje umogleg, men det ville bli svært krevjande, og ein kan spørje seg om det ville vere verdt alt strevet.

BETALER FOR Å TUKTAST

Men dette er ikkje heile EØS-kostnaden for Noreg. I tillegg kjem utgifter på kring 200 millionar årleg til å drive overvåkingsorganet ESA og EFTA-domstolen, som skal sjå til at Noreg følgjer EUs reglar. Med andre ord: Noreg betaler sjølv løna til dei som tuktar oss. Dessutan deltek Noreg i ei lang rekke EU-program for mellom anna forskning, utdanning og kultur. Her betaler Noreg inn

langt meir enn det landet får attende gjennom deltakinga i programma.

Det skal seiast at slett ikkje alle vinstane frå slik deltaking enkelt lèt seg måle i kroner. Men i denne samanhengen er det pengane vi tel. Og når ein summerer alle kostnadene ved forholdet vårt til EU, blir det store tal: Europautgreiinga har kome til at nettokostnadene med Noregs avtalar med EU i 2010 var på nesten 3,5 milli-

ardar kroner – av dette utgjør altså dei 2,8 milliardane i EØS-midlar storparten.

PÅ FEMTEPÅSS I EU

Her er det interessant å samanlikne med kva dei fullverdige EU-medlemene skyt inn til den europeiske fellesskapen. Finlands årlege nettoinnbetaling er til dømes på 2,3 milliardar kroner for tida – mindre enn dei norske EØS-midlane åleine. Rekna per innbyggjar betaler

Noreg inn omtrent 700 kroner i året til EU – langt meir enn dei aller fleste EU-land (storparten av dei er uansett nettomottakarar av overføringar frå EU). Om Noreg hadde vore EU-medlem, ville dei norske innbetalingane til EU gjort oss til den femte største økonomiske bidragsytaren til unionen, sett i høve til innbyggjartal.

Slett ikkje verst, for eit land som formelt sett ikkje er EU-medlem.